



PROGRAM FOR 17.MAI 2022, VALLE KOMMUNE

KL. 0700: Skramletog frå Motorsenteret AS, Rysstad.

Ta med skramleutstyr og blåser!

Kl. 1045: Oppstilling av bilar og køyretøy, Rysstadmo industriområde.

Kl. 1100: Biltog Rysstad - Valle.

Agder motorhistoriske klubb avd. Setesdal leier kortesjen. Stopp ved Hylestad kyrkje, elevar frå 9.klasse legg ned krans ved bautaen.

Kortesjen køyrer vidare mot Valle, tek av frå Rv 9 ved Valle skule. Dei som ønskjer å slutte seg til biltoget når det kjem til Valle står oppstilt på vegen ut frå skuleområdet, og blir sleppt inn i kortesjen når den køyrer forbi.

Biltoget køyrer gjennom sentrum, og ut på Rv 9 att vidare nordover. Kortesjen tek av frå Rv 9 ved krysset inn til Homme, følgjer grendevegane gjennom Homme og Tveitebø, og den gamle riksvegen sørover mot sentrum.

Kortesjen helsar med flagg og blåser til bebuarar og tilsette ved Valle bygdeheim. Dei som ønskjer å følgje folketoget til kultursenteret køyrer gjennom sentrum til Valle kyrkje, der dei slår av motorane under kransenedlegginga.

Parkering for «Finast pynta bil» på merkt plass i skuleområdet.

Kl. 1145: Tale og kransenedleggingar ved bautaer Valle kyrkje, ved 9.kl. Folketoget startar frå Valle kyrkje etter kransenedlegginga.

Kl. 1200: Mat, leikar og aktivitetar, Valle kultursenter.

Kl. 1400: Festprogram, Storstoga.

◇ Tale for dagen ved Lars Tarald Myrum.

◇ Utdeling av utviklingsstipend for ungdom ved ordførar Steinar Kyrvestad.

◇ Musikalske innslag.

Festprogrammet blir streama, lenke finn du på <https://valleradio.com>.

Kl. 1600: Gudsteneste i Valle kyrkje ved prest Inge Berg Pettersen.

Kl. 1200-2100: Bilrebusløp ved FAU Valle.

VALLE BYGDEHEIM:

Kl. 1030: Tale ved Ordførar og kulturinnslag.

Kl. 1400: Sending av festprogrammet frå Storstoga.

